

BEREDSKAPSPLAN MOT AKUTTE ROVVILTSKADER PÅ BEITEDYR OG TAMREIN I VANG KOMMUNE.



Innleiing:

Denne beredskapsplanen er utarbeid av Vang kommune, landbrukskontoret i samarbeid med Filefjell tamreinlag, Fram tamreinlag, Øye beitelag, Vang beitelag, Austvang beitelag og Høre beitelag, Vang Sau og gei og det kommunale skadefellingslag på bakgrunn av brev datert 05.06.00 frå Fylkesmannen i Oppland, miljøvernnavdelinga. Planen vart politisk behandla i kommunestyret 27. juni 2002

Føremål:

Hovudmålet med planen er å førebu og å gje føringar for når freda rovdyr gjer skade på beitedyr skal handterast. Beredskapsplanen avklarar dei viktigaste tilhøve ved iverksetjing av tiltak.

Dei viktigaste punkta er observering av døde eller skadde husdyr, rapportering og vurdering av skadesituasjonen, søknad om fellingsløyve og iverksetjing av skadefelling.

Område og organisering av beitebruken:

Planen gjeld for heile Vang kommune sitt areal, det vil seia ca. 1500 km². Det er i alt 4 beitelag og 2 tamreinlag i kommunen. Primaert er beredskapsplanen utarbeid med tanke på rovdyrangrep på sau, men skal også brukast om det blir problem i forhold til storfe, geit eller tamrein.

Sankelaga i Vang kommune:

| BEITELAG | ANTALL MEDL. | ANTALL SAU SLEPT PÅ BEITE 2024 | LEIAR I BEITELAG | TELEFON |
|-------------------|---------------------|---------------------------------------|-------------------------|----------------|
| Øye beitelag | 7 m/sau | 2240 (2414 i 2023) | Ivar Eltun | 95231189 |
| Vang beitelag | 8 m/sau | 1510 (1871 i 2023) | Jon Helge Solemsli | 41222790 |
| Austvang beitelag | 12 m/sau | 1810 (2033 i 2023) | Erik Andre Flaate Lien | 93672783 |
| Høre beitelag | 5 m/sau | 1103 (1037 i 2023) | Jon Hålien | 99699969 |
| Totalt | | 6663 (7355 i 2023) | | |

Medlemmer i Syndin beitelag i Vestre Slidre, men gardane ligg i Vang kommune:

| | | |
|--------------|----------------|----------|
| Reidar Thune | 70 (70 i 2023) | 91315147 |
| Lisa Opheim | 41 (38 i 2023) | 97525632 |

| LAG | LEIAR | DYR PÅ BEITE | TELEFON |
|----------------------|----------------|---------------------|----------------|
| Fram tamreinlag | Hallgeir Opdal | Ca 3000 | Tlf: 93005223 |
| Filefjell tamreinlag | Asgrim Opdal | Ca 3000 | Mob. 91605454 |

Beredskapsplanen er ein ståande rammeplan og den skal gjelde for eitt år fram til revidering før beitesesongen innan juni 2025 og eit evalueringsmøte oktober/november 2025. Planen omfattar og eventuell felling av rovvilt om vinteren når fellingsløyve er gjeve.

SKADESITUASJONEN

Gaupe:

Det har vore synsobservasjonar av gaupe ved Remmen og det vart dokumentert gaupe med drone i Øye. Det vart ikkje dokumentert tap av gaupe i 2024. Ingen gaupe vart felt under kvotejakta. Det vart påkjørt gaupe i Øye i februar 2025. SNO administrerte ettersøket utan resultat. Vang ligg som ynglingssone for gaupe så det er og vanskeleg å få skadefelling på den.

Ørn:

Kongeørn har gjort mest skade på tamrein dei siste åra og det har vore observert fleire kongeørn i tamreinsområda. Kommunen får tilbakemelding om mange synsobservasjonar av ørn. Det har vore mykje tap av lam/ungsau i Skakadalen og i Røldalen, der ein meinar kongeørna er syndaren. Herredalen har dei siste åra vore mykje plaga av kongeørn og synsobservasjonar opptil fleire samtidig. I 2024 er det ikkje dokumentert skade frå kongeørn beitesesongen.

Jerv:

Jerven gjer og skade på tamrein gjennom åra. Statens Natur Oppsyn (SNO) driv sporing og dokumentasjon av jerv i fjellområda i Vang. Ingen dokumentert tap i 2024

Ulv:

Det har ikkje vore påvist skade eller synsobservasjonar av ulv i 2024. Det vart gjeve skadefellingsløyve på ulv i Øystre Slidre der det vart påvist skade. Denne kom frå Gudbrandsdalen. Men vart ikkje felt.



Bjørn:

Ingen skade eller observasjonar av bjørn i 2024. Her og vil det nok koma streifdyr. Gudbrandsdalen har her og vore utsett for skade av bjørn.

Laushund:


Er eit aukande problem og det er observert laushund i beitesesongen, men har ikkje vore noko alvorlege tilfelle i 2024. Plakatar med bandtvang og logo frå Politiet og kommunen virkar til å fungere bra. Desse har fleire lagt merke til rundt i kommunen og nabokommunar.

Statistikk over sau/lam slept og tapt i Vang:



| | Søkt erstatning | Erstattat sau/lam | Antall søknader |
|------|-----------------|-------------------|-----------------|
| 2006 | 94 | 40 | 8 |
| 2007 | 130 | 61 | 12 |
| 2008 | 139 | 74 | 15 |
| 2009 | 56 | 22 | 5 |
| 2010 | 116 | 57 | 10 |
| 2011 | 183 | 123 | 9 |
| 2012 | 146 | 86 | 8 |
| 2013 | 164 | 85 | 10 |
| 2014 | 115 | 44 | 5 |
| 2015 | 111 | 51 | 5 |
| 2016 | 90 | 31 | 6 |
| 2017 | 91 | 28 | 5 |
| 2018 | 124 | 39 | 6 |
| 2019 | 66 | 17 | 2 |
| 2020 | 41 | 11 | 1 |

| | | | |
|------|-----|----|---|
| 2021 | 93 | 35 | 3 |
| 2022 | 114 | 38 | 6 |
| 2023 | 125 | 52 | 4 |
| 2024 | 138 | 41 | 6 |



(2023/2024 ikkje lagt inn i rovbasen)

FOREBYGGANDE TILTAK MOT ROVVILSKADER:

I 2024 søkte Vang kommune for dei 4 beitelaga i kommunen om midlar til førebyggjande tiltak mot rovviltskade (FKT-midlar). Kommunen fekk kr 35 000 for planlagt utvida tilsyn/overvakning og bruk av kadaverhund for kartlegge tapsårsak. Det vart ikkje nytta FKT-midlar i 2024. Det er viktig at det blir gjort tiltak for at ein kan synleggjera behovet for midlane.

Kommunen fekk ekstra tildelt 20 000 kr for kursing av skadefellingslaget. Dette vart eit samarbeid med dei andre Valdreskommunane. Kurset vart halde i Nord-Aurdal i mai 2024.

ORGANISERING OG BEREDSKAP VED KRISETILTAK.

Beitelag/beitelagsleiar:

- Husdyreigarane er i prinsippet ansvarleg for å gjera naudsynte tiltak for å redusere eller hindre skade/tap på dyra sine i utmark.
- Innafor kvart enkelt beitelag bør ein organisere tilsyn av beitedyr gjennom rullering. Minst eit av medlemmane bør gå tilsynsrunde i beiteområdet kvar dag.
- Det skal førast dagbok for tilsynet.
- Oppdaterte telefonlistar til ein kvar tid
- Varsle medlemmar ved evt rovviltskade
- Ha gode rutiner for rask intern kommunikasjon
- Etablere rutiner for rask internkommunikasjon ved skader ol, i samarbeid med kommune og skadefellingslag.

Saueigar og andre:

- Høgt tilsynsnivå er viktig for tidleg avdekking og varsling av skade. Her har både saueigar, jeger, turgåarar og andre som ferdast i utmark eit ansvar for å kartlegge skadeomfang og skadegjeraarar så tidleg som mogleg.
- Det skal rapporterast om det blir sett rovdyr i eit område til beitelaget.
- Gjennom organisert beitebruk har saueeigarane tilsyn etter ein fastsett plan i beitetida.
- Det er viktig at kadaverfunn blir dokumentert i tidleg stadie og kontaktar SNO rovviltskontakten snarast.
- Ein oppfordrar saueigar/beitelag til bruk kadaverhund ved funn for kartlegging av evt skadeomfang.
- Skrive under avtale om bruk av laushund ved bruk av skadefellingsløyve.

Kommunen:

- Bistå i arbeidet med å utarbeiding/rullering av beredskapsplanen.
- Organisere kommunalt skadefellingslag og kvalitetssikre medlemmar.
- Utarbeide oppdragsavtale for kvar enkelt medlem i skadefellingslaget
- Oversende liste over medlemmar og varamedlemmer i det kommunale skadefellingslaget med namn, tlfnr og fødselsdato, e-post for leiar og nestleiar til Statsforvalteren innan 1.mai. Samt tlfnr og e-post til ansvarleg i kommunen.
- Bistå med søknader om skadefellingsløyve og administrering av skadefellingsforsøket.
- Arbeide for finansiering av ulike tiltak.

Kommunalt skadefellingslag:

- Skadefellingslaget skal utøve fellingsforsøk i samband med iverksetjing av skadefellingsforsøk på bjørn, jerv, ulv og gaupe
- Leiaren plukkar ut kven som skal vera med i fellingslaget og vel ut ein nestleiar i samråd med kommunen.
- Skadefellingslaget består av 8 medlemmer godkjent av kommunen
- Det er ein forutsetning at alle medlemer av skadefellingslaget skal ha jakterfaring og godkjent jegerprøve (storpiltprøve)
- Betalt jegeravgift og registrert som lisensjegar jfr §15 i rovviltsforskriften og godkjent for inneverande år
- Evt hundeførar må og ha lisens
- Medlemmane skal ikkje har vore dømt eller ilagt forlegg, sikta eller kjent med at dei er under etterforsking for brot på naturmangfaldloven, viltnoven eller våpenloven, eller forskrifter hjemla i disse.
- Leiaren syt for å få den kompetanse og opplæring som krevst for å vera med i skadefellingslaget. Skadellingslaget samlast par gonger i året og har skytetrenings, samt går igjennom regelverk og instruksar. Medlemmene pliktar å møte opp på min 1 samling i året.
- Sette seg inn i lover og reglar
- Overhalde rapportplikt i henhold til rovviltsforskrift §16 ved skadefellingvedtak.
- Melde frå om endringar i fellingslaget til kommunen innan 1. mai
- Alle medlemmene i jaktlaget skal ved eventuelle skadesituasjonar på beitedyr stille på kort varsel og delta etter avtalt godtgjersle pr dag
- Skadefellingslaga vil samarbeide med dei lokale skadefellingslaga i Valdreskommunane ved spesielle behov.
- Skadefellingslaget blir sett opp på liste og levert til Statsforvalteren innan 1. mai.
- Sette seg godt inn i reglar for ettersøk/skadeskyting
- Kommunale fellingslag oppfordra til å bruke sporthund-ekvipasjene slik at dei får erfaring frå fellingsforsøk.

- Skadefellingsleiar er pressekontakt. Leiar i rovviltutvalet stepper inn ved behov.
- Evt hundeførar må ha lisens
- Fellingslaget har eit budsjett kr 30 000 for 2025
- Søke beitelaga om midlar til drift av skadefellingslaget

Statsforvalteren i Innlandet:

- Informere om ulike forhold knytt til rovviltsituasjonen i fylket og kommunen, herunder opplysningar som gjeld posisjonar for radiomerka dyr. (SMS-varsling)
- Bemanna beredskapstelefon **970 29 840**
- Gje fellingsløyve som følgje av oppstått skadesituasjon.
Statsforvalteren har mynde til å behandle søknader om fellingsløyver i perioden 1. juni til 15. februar så lenge det føreligg ein kvote for betinget skadefelling for den aktuelle arten, jf. rovviltsforskriften § 9 (for ulv fra 2. mai). Ut over dette er det Miljødirektoratet som er mynde. Fellingsvedtak og resultat av fellingsforsøk vil bli offentliggjort i Miljøvedtaksregisteret fortøpende
- Tildele ramme til det kommunale fellingslaget ved skadefellingsforsøk
- Utbetale tilskott til tilsyn, organisering og erstatningar.
- Statsforvalteren kan dispensere for bruk av laus på drevet halsende hunder i skadefelling på ulv.
- Statsforvalteren har anledning til å gje visse tillempingar for bruk av motorkøyretøy i skadefellingsoppdrag (utkjøring av mannskap, sjekk av spor, posterings).
- Vera bindeledd til Miljødirektoratet.

Rovdyrutvalet:

| | |
|-------------------------|---|
| Ordførar: | Jørand Ødegård Lunde (leiar) |
| Frå sauennæringa: | Ivar Eltun (Øye) og Erik Andre Flaate Lien (Austvang) Jon Helge Solemsli (Vang) og Jon Hålien (Høre) |
| Frå tamreinlaga: | Asgrim Opdal (Filefjell) Hallgeir Opdal (Fram) |
| Frå skadefellingslaget: | Ole Martin Jægersborg (leiar) og Lars Østby Hemsing (nestleiar) |
| Frå landbrukskontoret: | Wenche Søndrol (sekretær) |

Søknad om fellingsløyve:

For søknad om skadefellingsløyve kontaktar kommunen kontaktar Statsforvalteren på tlf **970 29 840** for søknad munnleg vedtak. Fellingssøknad må snarest mulig bekreftes med en skriftlig søknad av hensyn til videre saksbehandling.

Statsforvalter skal bestrebe seg på ein rask behandling/ekspedering av søknader.

Opplysningar som bør vera med:

- Kven søker?
- Kva for kommune og område søknaden gjeld
- Kartfesta oversikt over kadaverfunn (totalt tal og kor mange som er vurdert av kyndig personell)
- Andre tap, observasjonar av morlause lam, søyer utan lam og liknande
- Tidsrom for oppstått skade, alder på kadaver
- Kor mange dyr på beite i området
- Tilsynsaktivitet og beredskap
- Eventuelle førebyggande tiltak i områder som får offentleg støtte
- Om det er iverksett/vurdert akutte førebyggande tiltak i staden for skadefelling
- Evt søke om å nytte løs av drevet halsende hund til skadefelling av ulv

Moment i vurdering av søknad (totalvurdering):

- Bestandssituasjonen
- Skadeomfang
- Beiteområde
- Potensiale for vidare skader
- Andre moglege førebyggjande tiltak

Moment for vellykka felling:

- Tilstrekkeleg tilsyn
- Søknaden vert sendt raskt
- Rask behandling av søknad om fellingsløyve
- Godt organisert jaktlag

Skadefellingsvedtak og resultat av fellingsforsøk vil bli offentlegett i Miljøvedtaksregisteret fortløpende (www.miljovedtak.no).

Bruk av laus hund

Bruk av laus hund krev at kommunen har gitt dispensasjon fra bandtvangsbestemmelsene jf. hundeloven § 9. Det er viktig å merke seg at i ein del verneområder er det eigne bestemmelser om bandtvang som kommunen ikke kan gje dispensasjon frå. Kommunen eller fellingsleiar må sørge for å avklare med beitlag og beitebrukere om det aksepteres bruk av laus hund i beiteområdene, herunder økonomisk ansvar dersom hunden skader bufe. I utgangspunktet er hundeigar ansvarleg i slike tilfeller. Det er ikkje nødvendig å innhente grunneiers tillatelse til å sleppe hund under skadefelling, jf. rovviltsforskriften § 9.

Beitebruker skriver under avtale for bekrefting ved bruk av laushund ved skadefellingsforsøk.

Bruk av motorkjøretøy

Viltloven forbyr bruk av luftfartøy og motorkjøretøy, herunder bruk av helikopter og snøskuter, til forfølging og lokalisering av vilt. Det er heller ikkje løyve å løsne skott frå motorkjøretøy. Dersom det er nødvendig for å sikre en god måloppnåing, kan Statsforvalteren fravike det generelle forbodet i skadefellingsløyva. I nokre tilfeller har Statsforvalteren gitt dispensasjon fra forbod mot bruk av motorkjøretøy. Dette har vært knyttet til snøføre, og bruk av snøskuter til utkjøring av mannskap og for å fange opp spor dvs. registrere sporkrysninger, samt innringing for utsjekk av inn og ut-spor. Det er ikkje gjeve løyve til å bruke motorkjøretøy for å forfølge/jage, direkte jakte på eller avlive rovvilt.

Statsforvalteren i Innlandet anser at det normalt ikkje vil være behov for å fravike forbud på barmark, men vil kunne åpne for å kunne postere i bil ved fellingsforsøk på ulv på nærmere angitt vilkår dersom fellingslaget ber om dette. Vilkårene vil være som følger:

- «Under transport skal våpen i bil være tomt for ammunisjon, og våpenet skal være nedpakket i futteral, bag eller veske.
- Motor og lys skal være avslått når bilen brukes til postering.
- Samtlige kjøretøy som blir benyttet til dette formål, skal ha godt synlig merking som tydelig informerer om at fellingsforsøk pågår, og at kjøretøyet og de som benytter seg av det deltar i fellingsforsøket.
- Skadefellingslaget skal ta alle nødvendige forholdsregler for å ivareta allmennhetens sikkerhet i forbindelse med bruk av bil til postering under fellingsforsøket»

I samband med gjennomføring av fellingsforsøk kan det være behov for hjelp og samarbeid med dyreeiere og andre. Skadefellingsleiar må vurdere omfanget av slikt samarbeid og sikkerheit ved gjennomføring av fellingsforsøk.

Beredskapsområder:

Kvar beitelag bør finne aktuelle inngjerde beiteområder som ein kan samle dyr der det skulle oppstå akutt rovviltskade.

Godtgjersle til kommunale skadefellingslaget:

§ 9a. Godtgjøring ved fellingsforsøk i rovviltsforskriften

Der forsøk på skadefelling utføres av kommunalt/interkommunalt oppnevnt fellingslag, kan kommunen utbetale godtgjøring til fellingslaget for den tid som er benyttet til fellingsforsøk. Deltakere som mottar godtgjøring etter ordningen må være registrerte lisensjegere, jf. § 15.

Fellingsforsøk blir godtgjort etter timeliste, max kr 1910 pr. døgn pr registrert lisensjeger. Kommunen skal fungere som regnskapsførende enhet for fellingslaget. Utbetalingene må ikke overskride den økonomiske rammen som framgår av Statsforvalteren vedtak om felling.

Frist for innrapportering er 1. oktober via Miljødirektoratet elektroniske søknadssenter.

Naudvergeretten:

Naudvergeretten er heimla i Viltloven § 11, og dei to viktigaste ledda er: "Vilt kan felles uten hensyn til fredning når felling må anseas påkrevet for å fjerne en aktuell og betydelig fare for skade på person".

"På samme måte kan eieren, eller noen som opptrer på eierens vegne, felle vilt under direkte angrep på bufe eller tamrein."

Dersom andre enn dyreeigar har tilsyn med dyra, må dyreeigar skriva fullmakt til vedkomande før han kan bruke naudvergeretten på vegne av dyreeigar.

Rovvilkontakten:

Per Ivar Stensæter 2930 BAGN,

tlf. **907 84 742**

Kadaverhundekvipasje i Valdres

Desse skal brukast ved akutte situasjoner eller ved ordinært tilsyn. Dyreigar/Beitlag må avtale i forkant for avlønning.

Roger Andre Heiene, Etnedal

Mob: 95 75 25 32

Sporhund ekvipasjer i Oppland:

Rolf Harald Østmo- Trysil

mob: 959 22 128

Turid Hovland – Gran,

mob: 481 96 364

Elise Lyftingsmo, Lesja

mob: 909 69 804

Ingebjørg Jenssveen, Nord-Fron

mob: 416 44 625

Statens Naturoppsyn (SNO):

SNO regionalt rovviltsvarleg Ole Knut Steinset 2890 ETNEDAL tlf. **464 48 657**

SNO har ansvaret for å samordne verksemda til rovvilkontakta og forestå dokumentasjon i samband med erstatningsoppgjeret. SNO skal vidare ha ansvaret for oppfølging av tildelt skadefellingsløyve.

Finansieringsplan:

Det forventast at overordna myndigheter stiller nødvendig midlar til disposisjon som fullt ut dekker alle utgifter og kostnader dyreeigar, grunneigar, medlemmer av tilsyn- og fellingslag, skadefellingsleiar, beredskapsansvarleg og kommunen har. Dette gjeld også administrering av beredskapsplanen, beredskapen og arbeidet ute i krisesituasjonar. Samtidig forventast det at når næringa og kommunen har lagt plan for arbeidet, må myndighetene stille midlar til disposisjon raskt.

Miljødirektoratet skal kompenserer for desse kostnadene gjennom ekstra tildelingar. Dersom ikkje dette er mogleg, må fylkesmannen gje tilsgagn om bruk av midlar. Statsforvalteren gjev rammetilsagn ved skadefellingsløyve og utgifter blir refundert etter rapportering frå kommunen. Det kan vera nødvendig med kommunal forskottering av lønnsutgifter til tilsyns- og fellingslaget, fellingsleiar og beredskapsansvarleg.

Statsforvalteren kan yte tilskott av varierande storleik til organiserte beitelag til ved ekstra tilsyn ved skadefellingsløyve.

Beredskapsplanen gjelder fram til ny rullering slik at det kan setjast inn tilstrekkeleg trykk på myndighetene for å gje fellingsløyver om hausten slik at skadedyr lett kan takast ut. Effektivt uttak av skadegjerarar må i hovudsak skje på sporsnø ved kvotefelling og lisensjakt.


Revidering av planen:

Bereskapsplanen reviderast kvart år av for å dra nytte av fjorårets erfaringar. Revisjon blir gjort av rovviltutvalet. Aktuelle forhold som er tema ved revisjon:

- Oppsummering av fjorårets erfaringar
- Nye lovbestemmelser
- Bemanningssituasjonen til tilsyn- og fellingslaget
- Finansieringsbehov

Beredskapsplan mot akutte rovviltskader på beitedyr og tamrein i Vang kommune vart vedteke i kommunestyret 27. juni 2002.

VARSLINGSPLAN FOR ROVVILTSKADE I VANG KOMMUNE



1. Kadaverfunn.

Det er skilt/oppslag i turområder i kommunen med tlfnr. til vakthavende dyrlege som er døgnbetjent telefon. Dei har lister med kontaktpersoner i dei ulike beitelaga. Det ligg også informasjon på kommune sine heimesider.

Dersom privatpersoner finner kadaver, blir beitelaga varsle via dette nummeret. Saueeier/ kontaktperson i beitelag sjekker opp kadaveret. Dersom det vurderes som sannsynleg at det har vært rovvilt som er skadegjerar, varsler saueeier/beitelag SNO's Rovvilkontakt og kommunen.

2. Kommunen.

Kommunen ringer/skriver søknad om fellingsløyve og mailer Statsforvalteren snarast. Kommunen varsler leiaren av fellingslaget om at søknad om fellingsløyve er sendt, slik at fellingslaget kan "forhåndsorganiseres". Skadefellingsleiar er pressekontakt. Pressekontakten tar seg så av samtlige pressehenvendelser om saken.

3. Rovvilkontakt, SNO

Rovvilkontakten vil etter å ha undersøkt kadaver avgje rapport til Statsforvalteren. Statsforevalteren legger så denne til grunn for behandling av kommunens søknad om fellingsløyve.

4. Statsforvalteren

Dersom fellingsløyve blir gjeve, kontaktar Statsforevalteren kommunen.